

**Uskedal-elevane skal være på plass i fremste rekkje når dronningane Margrethe og Sonja kjem i morgon ettermiddag men dei skal ikkje delta på annan måte enn at dei viftar med danske og norske flagg. Imidlertid vert det ein annleis og sikkert minnerik skuledag sjølv om han vert litt stuttare enn vanleg. Han startar klokka 10 og varar til 12 i fyrste omgang. Då tek alle bussen til Rosendal og deltek i det som skjer der. mellom anna filmframsyning. Turen heim startar klokka 15.**



- Det er ikkje lagt opp til noko møte mellom oss og dronningane, opplysar Odd Steinar Arnesen. - Men det kan jo hende at dei stoppar opp og seier hei, legg han til.
- Hurra på dansk er vel innøvd?
- Nei, ikkje det heller!



Det vert sjølv sagt overrekk blomar når dronningane kjem i land klokka 14.30, men det er 2 jenter frå Malmanger skule som har den oppgåva - Klara Bartlett Enes Mehl og Maria Trovik Awazge. Dei er begge 7 år og har øvd lenge. Kusk for dronningskyssen vert leiar Janne Seilen i fjordhestlaget. Til mottakinga på Kongeskipet er det venta 100 gjestar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen